



Øvre Naustdal utmarkslag
Ved Normund Svoen

15. november 2022


Tynningsfiske i Vonavatnet, Sunnfjord. Status og tilråding for vidare drift

Av Harald Sægrov, Rådgivende Bioger AS

Underteikna er spurd om å gje ei tilråding ang. støtte til vidare tynningsfiske og fiskestell i Vonavatnet. Eg vil sterkt tilrå at det blir gjeve støtte til vidare tynningsfiske for å oppretthalde den statusen for fisken som er oppnådd så langt og kanskje endå betre.

Min bakgrunn for vurderingane er resultat frå prøvefiske i Vonavatnet i 2013 og det vart då tilrådd å starte eit tynningsfiske for å oppnå betre kvalitet på auren og røya som den gongen var dårleg og lite attraktiv som mat og fiskeobjekt (Sægrov 2014). Det var likevel eit innslag av større, fiskeetande aure i vatnet og utifrå erfaringar med utfisking av røye i Takvatnet i Troms kunne ein kanskje oppnå eit større innslag av fisketande aure ved å tynne ut røyebestanden (Persson mfl. 2007).

Det vart starta tynningsfiske i 2014 og med ekstra stor innsats i 2015. Etter dette har tynningsfisket halde fram kvart år tom. 2022 med noko varierende fangstinningsats frå år til år. Ola Kringlen har ført nøyaktig statistikk over fangst og fiskeinnsats kvart år og han har sendt meg oppdatert statistikk som er utgangspunktet for ein kort gjennomgang av status og utvikling (**figur 1**). Det er ikkje gjennomført fiskeundersøkingar dei siste åra, men det blir opplyst av fleire som fiskar at det no er vanleg å fange aure av fin kvalitet, med vekt på 200-300 gram og raud kjøtfarge. Det blir også årleg fanga større, fisketande aure på over 1 kg i vatnet. For å oppretthalde denne situasjonen er det nødvendig med årleg tynningsfiske.



Figur 1. Venstre; antal aure og røye som er blitt fanga årleg under tynningsfisket i Vonavatnet i perioden 2014 – 2022 og høgre; årleg gjennomsnittsfangst pr. garnnatt i den same perioden.

I dei 9 åra frå 2014 til 2022 er det blitt fiska opp 51372 fisk, fordelt på 28640 aure og 22732 røye. Samla fangstinningsats er 4010 garnnetter, med variasjon mellom 170 i 2014 til 953 garnnetter i 2015. I gjennomsnitt er det blitt fanga 5597 fisk pr. år fordelt på 2763 aure og 2834 røye med ein gjennomsnittleg fangstinningsats på 446 garnnetter pr. år. Gjennomsnittsfangsten pr. garnnatt var 13,8 fisk fordelt på 6,8 aure og 7,0 røye.

Referansar

- PERSSON, L., P.-A. AMUNDSEN, A.M. De ROOS, A. KLEMTSEN, R. KNUTSEN & R. PRIMICERIO 2007. Culling prey promotes predator recovery – alternative states in a whole-lake experiment. *Science* 316: 1743 - 1745.
- SÆGROV, H. 2014. Fiskeundersøkingar i Vonavatnet i 2013. Rådgivende Biologer AS, rapport 1878, 28 sider.